

KULTURHUSET
SENTRUM

Arna Venstre

2011 - 2015



BERGEN
venstre

Trygg oppvekst

Ein trygg barndom krev trygge oppvekstvilkår. I Arna er skulane bygd rundt dei ulike bygdene. Dette gjer at barn som veks opp i bydelen veit at vi ser dei, men òg at de blir sett. Venstre vil behalde dei fådelte skulane og oppretthalde to ungdomsskular i bydelen, og sikre eit desentralisert skuletilbod. I dag må mange barn ufrivillig ut av bydelen for å få barnehageplass. Venstre vil sikre barn plass i eigen bydel.

Venstre vil:

- Oppretthalde ein desentralisert skulestruktur
- Sikre barn plass i barnehage i eigen bydel
- Etablere barnehage i området Ytre Arna-Haugland
- Oppretthalde helsestasjonen i Ytre Arna
- Sikre trygge skuleveggar
- Ha fleire ungdomsklubbar og øvingslokale
- Styrke PPT og Barnevernet, og overføre ansvaret for Barnevernet over til kommunen

«Barn i Arna skal få barnehageplass i Arna!»


Kjell-André Johannessen –
Bystyrekandidat for Venstre

Grøn samferdsel

Medan hovudinnfarten til og frå Bergen går gjennom Arna, er ikkje dei eksisterande vegane akseptable for trafikkgrunnet. Venstre vil jobbe for ein ny ringvei øst mellom Arna og Nesttun, vere ein pådrivar for å få realisert dobbeltspor gjennom Ulriken, og gjere toget ein del av einskapstaksten. Midtdelarar på hovudvegane, blant anna traseen Vågsbotn-Arna-Grimen og Arnanipa-Trengereid, må sikrast med midtdelarar for å redde liv.

Venstre vil:

- Bygge Ringvei øst
- Realisere dobbeltspor gjennom Ulriken
- Innføre einskapstakst på toget
- Sikre midtdelarar på hovudvegane
- Styrke kollektivtilbodet



«Frivillegheita er ein berebjelke i samfunnet vårt, og fortener forutseielege vilkår»

Robert Flataas –
Bystyrekandidat for Venstre

Framtidsretta byutvikling

Arna Venstre vil arbeide for at Arna skal behalde sitt preg som ei bygd i byen, med store samanhengande landbruksareal. Venstre vil sikre dei gode attverande landbruksareala i kommunen til landbruksformål, og samstundes leggje til rette for framtidig utvikling i Arna dei kommande åra. Arna Venstre vil jobbe for etablering av gode planer slik at det blir ei styrt utvikling av bydelen.

Venstre vil:


- Leggje til rette for nye utviklingsområde
- Leggje til rette for grønne lungar i bydelen og sikre tilgongen til strandsonen
- Fortette eksisterande busetnad
- Endre reguleringa frå godsterminal til næring i Arnadalen, og leggje til rette for små og mellomstore bedrifter
- Arbeide for kommunal overtaking av Sætre-parken
- Etablere parkanlegg med tilkomst til strandsona ved Arnavågen
- Etablere parkeringsdekke i Ytre Arna sentrum

Givande kultur, idrett og frivillegheit

Kultur og idrett har ein verdi i seg sjølv og kan ikkje målast i kroner og øre. Venstre vil vere ein garantist for at frivillegheita også i framtida har dei rammevilkåra som gjer det muleg å oppretthalde sine aktivitetar.

Venstre vil:

- Sikre rammevilkåra for frivillegheita
- Leggje til rette for auka fysisk aktivitet
- Styrke bibliotektilbodet i bydelen
- Kjempe for bokbussen
- Leggje til rette for uorganiserte aktivitetar
- Halde ved like kulturminne og turveggar i Arna



Venstres kandidater i Arna



Kjell-André Johannessen (39) er anskaffingskoordinator og er Venstres 10. kandidat til bystyret.

Eg brenn for ein grøn samferdsel i Arna, med eit godt kollektivtilbod som vil brukast om det blir eit reelt alternativ til privatbilen. Eg vil også arbeide for forutsigbare vilkår for idretten og kulturen i Arna, og jobbe for at bibliotektilbodet i Arna får ei kraftig opprusting.



Robert Flatås (31) er lærar og Venstres 58. kandidat til bystyret.

Trygge oppvekstvilkår og ein god skule er heilt naudsynt for at barna våre skal få realisere sine potensial. Bergensskulen skal bli den beste i landet om Venstre får stemmen din.

Venstre ser på Arna bydel som eit framtidig satsingsområde for Bergen. Arna har mykje uutnytta areal, men det er viktig å oppretthalde Arna sitt særpreg som ei bygd i byen og ikkje minst tilretteleggje for at dei landbruksområda som eksisterer har gode vilkår. Ein føresetnad for vidareutvikling i Arna er satsing på samferdsel generelt og infrastruktur spesielt. Venstre vil endre reguleringa frå godsterminal til næringsareal i Arnadalen, og er den tryggaste vegen til eit grønnare, borgarleg byråd.

Julie Andersland er Venstres *fyrstekandidat* til bystyret

les mer på arnablogg.no eller ta kontakt på arna@venstre.no

